



BACHELOROPPGÅVE

Utfordringar ved å være fosterforeldre til eit fosterbarn med tilknytningsvanskar

Kvífor treng fosterbarn tilrettelagt omsorg, og kva utfordringar gjev dette fosterforeldre?

av

Kandidatnummer 18
Maria Løkkebø

Challenges in parenting a foster child with attachment disorder.

Barnevern

BSV5-300

Mai 2015

Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva *utfordringar ved å være fosterforeldre til eit barn med tilknytningsvanskar* i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneholder materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

18, Maria Løkkebø

JA : X NEI:

Innhaldsliste

1.0 Innleiing	4
2.0 Metode	5
2.1 Litteraturval og kjeldekritikk	5
3.0 Kva er ein fosterheim og kven er fosterbarna?	7
3.1 Fosterheim	7
3.2 Fosterbarna	8
4.0 Tilknytningsteori og teori om affektregulering	9
4.1 Omsorgssvikt og utviklingstraume	9
4.2 Tilknytning	11
4.2.1 Tilknytningsstilar	12
4.3 Indre arbeidsmodeller	13
4.4 Den følsame hjernen	15
5. 0 Tilrettelagt omsorg og utfordringar	20
5.1 Kvifor treng fosterbarn tilrettelagt omsorg?	20
5.1.1 Omsorgssvikt og traume	20
5.1.2 Behov for nye indre arbeidsmodellar	21
5.1.3 Affektregulering	23
5.2 Fosterforeldres utfordringar	24
5.2.1 Å stå i situasjonen	24
5.2.2 Avvising og kjærleik	27
5.2.3 Hjelpeapperat	29
6.0 Avslutning	30
7.0 Kjelde	31

1.0 Innleiing

Temaet i mi oppgåve er fosterforeldre sine utfordringar i møte med fosterbarn og deira tilknytningsvanskår. Utfordringa for fosterforeldre er å være hos barnet gjennom åtferdsmessige og emosjonelle hinder, og kanskje kan det å være hos barnet føre til ei forståing av barnets avvikande, underlege og uforstääelege åtferd og følelsar. Når fosterforeldre har lært seg å tyde barnets åtferd og følelsar, og er i stand til å lese dei emosjonelle og villedane signala barnet sender ut, då har fosterforeldre eit godt utgangspunkt for å møte barnet sitt behov (Whelan & Marvin, 2010, s.709).

Problemstillinga mi oppgåve bygger på er:

«Kvífor treng fosterbarn tilrettelagt omsorg, og kva utfordringar gjev dette fosterforeldre?»

For å svare på mi problemstilling tek eg utgangspunkt i to perspektiv, tilknytningsteori og teori om affektregulering. Eg finn begge desse to perspektiva relevant for å svare på kvífor fosterbarn treng tilrettelagt omsorg, og vidare korleis dette byr på utfordringar for fosterforeldre. Eg har valt tilknytning som perspektiv for å synleggjere kor sentralt trygg tilknytning er i høve barn si personlegdomsutvikling og utvikling av evna til å regulere sine følelsesmessige impulsar. Eit mål for trygg tilknytning er at omsorgsgjevar etter kvart skal fungere som ein trygg base for barnet. Det vil seie ein omsorgsperson som høyrer, forstår og støttar om barnet føler seg uttrygg eller i fare. Når barnet følar seg trygg på dette, vil barnet bruke sin energi på utforske verden og lære (Bunkholdt & Sandbæk, 2008, s. 64). Eg vil få fram kva som skjer når barnet ikkje har trygg tilknytning, og ikkje kan bruke omsorgsgjevar som trygg base. Det tar oss med til neste perspektiv, teori om affektregulering. Eg har valt å skrive om hjernen si utvikling, med hovudfokus på affektregulering. Eg vil belyse kvífor eit barn utførar ein viss åtferd, og kvífor barnet reagerer i spesifikke situasjonar. Dette delkapittellet håpar eg skal skape ei forståing av kva hjernens utvikling, og funksjonar har og sei for eit barn sine handlingar, tankar

og følelsar. Sånn eg forstår det går utvikling av affektregulering og tilknytning hand i hand. Dette bekreftar Skårderud, Haugsgjerd og Stänicke (2010) som skriv at ein god og trygg tilknytning til omsorgspersonar er avgjerande for spedbarn og småbarns utvikling av ein indre affektregulering (Skårderud m.fl. 2010).

Begrep som blir brukt i oppgåva vil eg gjere greie for i den samanhengen dei blir brukt.

2.0 Metode

Metode dreiar seg om korleis ein går fram for å få informasjon, og korleis ein skal gå fram for å analysere denne informasjonen. Å bruke metode vil sei å følgje ein bestemt veg mot eit mål (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2011). Kunnskap om metode er relevant for val av framgangsmåte med ei oppgåve. I mi oppgåve har eg valt å gjere ein litteraturstudie. Det vil seie at eg har valt å samle data og forsking som allereie er eksisterande (Støren, 2010). Data i dette tilfellet er informasjon eg ynskje å undersøkje grundigare (Johannessen m.fl., 2011, s.394). Ein grunn til at eg valte litteraturstudie var all litteratur om fosterbarn og fosterheim som allereie finst, og det er allereie gjort forsking om feltet. Eit litteraturstudie skapar ikkje ny kunnskap (Støren, 2010), men eg håpa å belyse eksisterande forsking og kunnskap på ein relevant og reflekterande måte i høve mi problemstilling.

2.1 Litteraturval og kjeldekritikk

Når ein skal leite etter litteratur og kjelde er det viktig at desse er relevante og gyldige. I forskingslitteratur brukast begrepet validitet, som betyr at kjeldene er gyldige og samsvarar med fenomenet ein skal undersøkje (Johannessen m.fl., 2011). Validiteten i kjeldene eg har valt vil eg komme tilbake til nedanfor.

Det finnast to typar kjelde: Primærkjelde og sekundærkjelde. Når forskaren teke utgangspunkt i eigne erfaringar og kunnskap og formidlar dette, blir det kalla primærkjelde. Mens sekundærkjelde er ei kjelde som referera til det som er publisert i primærkjelde. Ei form for

sekundærkjelde kan være lærebøker (Erikson, 2010). Sekundærkjelde skrevet av ein ekspert på område er viktige kjelde når vi skal skaffe oss overblikk over aktuell forsking, men det er viktig å være klar over at forfattaren av ein sånn kjelde har gjort utval og avgrensingar som det kan være nødvendig å reflektere over (Erikson, 2010). Eg vil både bruke primær og sekundærkjelde i mi oppgåve.

Fosterheimsarbeid er noko eg har kjennskap til igjennom min familie og vår erfaring som fosterfamilie. Grunnen til at eg nemner dette er grunna litteratur og kunnskap. Som fosterfamilie har eg tilgang på mykje relevant litteratur etter kurs og foredrag vi har delteke på.

Fosterheimskontakten er ei tidsskrift for fosterheimsarbeid der ulike profesjonelle skriv artiklar om utfordringar og problemstillingar for fosterheimar. Desse artiklane vil bli brukt mykje i mi oppgåve. Grunnen til at eg har valt å bruke desse artiklane er fordi dei er relevante for mi problemstilling, og dei teke opp fosterheimar og fosterbarns utfordringar. Vidare i mi oppgåve har eg fokusert på forfattarar som er anerkjente innan feltet. John Bowlby er anerkjent innan tilknytingsteori, og referert av kjente fagpersonar som Killèn og Bunkholdt som eg vil bruke i mi oppgåve i høve til mitt perspektiv om tilknytingsteori. I høve teori om affektregulering vil eg bruke Susan Harts «Den følsame hjerne». Denne valte eg å bruke grunna ei anbefaling, og fordi den beskriver korleis hjernen utviklar seg gjennom blant anna tilknytning. Hart er og eit kjent namn innan feltet. I høve affektregulering har eg også valt å bruke ein norsk artikkel av Tone Weire Jørgensen og Heine Steinkopf, «Traumebeviss omsorg – i teori og praksis». Artikkelen supplerer til Harts bok, men Jørgensen og Steinkopf brukar litteratur og eigne erfaringar om feltet, noko eg meiner er relevant. Kapittelet eg no vil gå innpå handlar om fosterheim, og fosterbarn. Desse to fenomena må definerast for å forstå kva og kven oppgåva handlar om.

3.0 Kva er ein fosterheim og kven er fosterbarna?

I dette kapitelet vil eg starte med å definere kva ein fosterheim er og kven som kan bli fosterforeldre. Deretter vil eg gjere greie for kven fosterbarna er, og kva fosterbarn si erfaring ofte kan være.

3.1 Fosterheim

Havik og Backe-Hansen (1998) ref. i (Sundt, 2011, s. 64) definerer fosterheim som; «*Ein heim som for kortare eller lengre tid, med eller utan forsterkningstiltak, med eller utan slektstilknytning til barnet, med eller utan eit fylkesnemndvedtak i botn, med eller utan direkte tilknytning til staten mottar eit eller fleire barn til oppfostring*». Eg tolkar denne definisjonen som at fosterheimar kan være for ein kort periode, eller fram til eit barn er myndig. Ein behøver heller ikkje ha biologisk tilknytning til barn, men skal tilby omsorg og oppdragelse.

I Barnevernslova § 4-22 første ledd boktav a blir fosterheim definert som ein privat heim som tek i mot barn til oppfostring på grunnlag av barnevernstenesta si beslutning om hjelpetiltak etter § 4-4, eller i samband med omsorgsovertaking etter § 4- 12 eller § 4-8, andre eller tredje ledd. Lovverket syner at ein kan blir plassert i fosterheim både i høve eit hjelpetiltak og ved omsorgsovertaking (Sundt, 2011, s.64)

Krava som skal leggjast til grunn for å bli fosterforeldre, er definert i barnevernslova, fosterheimsforskrifta og retningslinja for fosterheim. Eg vil trekke fram dei generelle krava som blir beskrevet i fosterheimsforskrifta § 3. Der står det at fosterforeldre må ha særleg evne, tid og overskot til å gje barn ein trygg og god heim.

Fosterforeldre må ha ein stabil livssituasjon, alminneleg god helse og gode samarbeidsevner. Dei må og ha økonomi, bustad og sosialt nettverk som gjev barn moglegheit til livsutfolding. Fosterforeldre må ha god vandel og må kunne leggje fram tilfredsstillande politiattest, jf. barnevernslova § 6-10 tredje ledd (Sundt, 2011, s.116).

Det første steget på veg mot fosterheimspllassering er rekruttering av fosterheim og utveljing og opplæring av fosterfamiliar. PRIDE er den

mest brukte rekrutterings- og opplæringsmetoden i dag (Bunkholdt, 2010). PRIDE står for «Parent Resources Information Development Education», og er eit amerikansk program oversett og tilpassa norske forhold (Bunkholdt & Sandbæk, 2008). Programmet er basert på sosial læringssteori, og tilknytningsteori. PRIDE har to sentrale målsettingar, først å ruste familiar til å klare oppgåve som fosterforeldre, og vidare fungere som eit hjelpemiddel i utveljing av fosterforeldre (Bunkholdt & Sandbæk, 2008). Gjennom rollespel, simulerte situasjonar, drøftingar med erfarne fosterforeldre, film og sondering av holdningar til eigne erfaringar gjennom livet, kan dei som vurdera å bli fosterfamilie få eit innblikk i verksemda dei skal inn i (Bunkholdt & Sandbæk, 2008, s. 261). Målsettinga er å finne mennesker og familiar med kjenneteikn som aukar moglegheitene for at ei plassering skal vare den tid det er meint den skal vare. Familien må gje barnet omsorg og eventuell hjelp det treng for å få ei god utvikling (Bunkholdt & Sandbæk, 2008).

Bunkholdt (2010) skriv at ingen forventar at ei fostermor eller ein fosterfar skal handtere alle typar problem som eit fosterbarn strevar med. Nokon tåler meir sinne og aggressjon enn andre, nokon let seg lett vippe av pinnen av avvising, mens andre klarar å vente lenge før dei ser resultat av arbeidet sitt. Det er ulike utfordringar fosterforeldre møter i høve eit fosterbarn, dette vil eg gå nærmare inn på i kapittellet om fosterforeldre sine utfordringar.

3.2 Fosterbarna

Fosterbarn er som alle andre barn, svært forskjellige. Samtidig har mange fosterbarn til felles at dei er sårbare og kan ha opplevd vanskeleg og opprivande familiesituasjonar (Audun Lysbakken ref. i Sundt 2011). Det er viktig å sjå fosterbarn som enkeltindivid med eigen bakgrunn og historie og sine individuelle ressursar og interesse. Dei vanligaste årsakene til at eit barn må flytte i fosterheim er foreldra si manglande omsorgsevne. Det kan handle om foreldra si psykiske helse, rusmisbruk, fysisk og psykisk mishandling, seksuelle overgrep eller materielle og sosiale problem (Sundt, 2011,s.30). Sundt (2011) skriv at

fosterbarn er enkeltindivid, men barna har likevel fellestrekk. Sånn eg forstår det kan desse fellestrekka blant anna handle om at alle barna har opplevd lite ivaretakande omsorg. Dette bekreftar Heidi Jacobsen og Marit B. Hansen (2010) som skriv at barn og unge som må skifte omsorgspersonar har som regel opplevd ein lite ivaretakande omsorgs tidligare i livet. Fosterbarn er ei utsett gruppe barn som har behov for spesielt tilpassa omsorg for å sikre dei ein best mogleg utvikling. Dei har behov for terapeutisk omsorg, noko som vil seie betre omsorg enn det ein vanlegvis ser på som «godt nok», og omsorga må være spesielt tilpassa det enkelte barn sitt behov (Jacobsen & Hansen, 2010). Her vil eg nemne problemstillinga mi; *kvifor treng fosterbarn tilrettelagt omsorg, og kva utfordringar gjev dette fosterforeldre?* Jacobsen og Hansen (2010) skriv at tilknytingsteori er viktig og gjer oss eit grunnlag til å forstå barnets behov for omsorg og ivaretaking. Fenomenet tilknytingsteori er noko eg vil komme inn på i neste del av oppgåva.

4.0 Tilknytingsteori og teori om affektregulerering

I denne delen av oppgåva vil eg gjere greie for desse teoriane. Eg vil først definere omsorgssvikt, og utviklingstraume.

4.1 Omsorgssvikt og utviklingstraume

Grøholt m.fl (2001) skriv at å finne ein eintydig definisjon av begrepet omsorgssvikt og barnemishandling ikkje er enkelt. Oppfatninga av akseptabel åtferd variera mellom kulturar, også i vårt eige land Noreg som er i ferd med å bli eit fleirkulturelt samfunn. Det som opplevast å være vanleg oppdragelse i ein familie, kan bli mishandling i ein anna. Kvello nemner begrepet god nok omsorg, som er ein peikepinn på at sjølv om omsorga som blir gitt ikkje er god, kan den være tilstrekkelig til at barnet skal kunne utvikle seg normalt. Barn har ulik sårbarheit og opplever ulik grad av risiko- og beskyttelsesfaktorar. Vurdering av omsorg for barn må difor gjerast i forhold til det einskilde barn sine forutsetningar og behov og ikkje kollektivt (Kvello, 2007). Med omsorgssvikt forstår vi at foreldre eller dei som har omsorga for barnet

påføra det fysiske eller psykisk skade eller forsøm det så alvorleg at barnet si fysiske og/eller psykiske helse og utvikling er i fare (Killèn, 2009, s. 33).

Øyvind Kvello (2007) skriv at omsorgssvikt og mishandling føregår på tvers av sosial klasse, etnisitet, kjønn, aldersgrupper og mange andre trekk. Trekka ved barnet og oppvekstmiljøet har imidlertid langt mindre forklaringsstyrke for mishandling og omsorgssvikt enn trekka ved foreldra. Sånn eg forstår Kvello er det trekka ved foreldra ein må undersøkje for å finne eit grunnlag for kvifor omsorgssvikt og mishandling har funne stad (Kvello, 2007). Når vaksne blir foreldre, vil deira indre arbeidsmodellar påverke dei i korleis dei oppfattar, oppleve og samspelar med sine eigne barn. Barndommen varar i generasjonar, det vil seie at vi alle bærer vår barndom med oss (Killèn, 2009).

Tilknytningsvanskar overførast frå generasjon til generasjon. Foreldre som har vokse opp i voldelege, psykisk belastande og omsorgssviktande miljø, kan vidareføre sine erfaringar til eigne barn gjennom manglande sensitivitet og sviktande omsorg (Killèn, 2009, s.157). Eg forstår dette som at om ein har vakse opp med ei mor som ikkje har gitt deg som barn kjærleg merksem, eller vore audmjuk og omsorgsfull. Så er det vanskeligare for deg som voksen og forelder og utøve den omsorg for barnet ditt. Du kjenner kanskje ikkje til noko anna enn det du har opplevd i eigen barndom, og det fell deg naturleg og utøve omsorg du sjølv har opplevd. Dette viser kor viktig det er at fosterbarn får tilrettelagt omsorg, slik at dei lærar om sensitiv og trygg omsorg.

Jørgensen og Steinkopf (2013) beskriv at med utviklingstraumer meinar ein at barnet utsettast for krenkande, skremmande opplevingar eller at deira sentrale behov ikkje blir møtt. Dette startar tidlig i barnet sitt liv. Det er påvist at sentrale områder i barnet sin hjerne blir påverka og endrast av tidlig og vedvarande traumebelastning (Jørgensen og Steinkopf, 2013) Dette gjeld særleg tilknytningssystemet, systemet for krisehandtering, emosjonssystemet, hukommelsen og evna til refleksjon og sjølvforståing. Dette vil eg gå djupare innpå i delkapittellet om «Den følsame hjerne». No vil eg først belyse fenomenet tilknytning, og

vidare vil eg gjere greie for dei ulike tilknytningskvalitetane eit barn kan ha.

4.2 Tilknytning

Barn utviklar strategiar, tilknytningsmønster, for å handtere stress ved separasjon, sjukdom eller andre stressliknande situasjonar. Nokre barn utviklar trygg tilknytning til sine foreldre, andre utviklar uthygg. Tilknytningsmønsteret til eit barn kan fortelje oss korleis barnet er blitt behandla, og korleis dei forventa å bli behandla (Killen, 2010,).

Tilknytningsteori er ein del av den utviklingspsykopatologiske tradisjonen, som studera normal og abnormal utvikling innanfor same forståelsesramme. John Bowlby har gjennom sitt arbeid beskrevet mekanismane i mor-barn-relasjonen som ligger til grunn for tilknytning, og korleis dette dannar grunnlag for barnet si vidare utvikling (Zachrisson, 2010, s.285).

Bowlby hadde to hovudhypotesar, som er grunnsteinane i tilknytningsteorien. Den første var at alle barn knyt seg til sine omsorgspersonar, det må det for å overleve (Killèn, 2010). Når eit barn har tilknytning til nokon, betyr det at ho eller han er sterkt nok disponert for å søke kontakt med vedkommande, og framfor alt gjer dette når det føler seg trua og har behov for trøst og beskyttelse. Bowlby meina at barn har eit basert livsnødvendig behov for å knytte seg til sin omsorgsgjevar (Killèn, 2010). Eg forstår dette som at frå starten av eit barns liv brukar barnet ulike signal som utløyse åtferd frå omsorgsgjevar. For eksempel aktivera barnets gråt åtferd hos omsorgsgjevar. Etter kvart som barnet blir eldre kan det tydeleggjere signal som å strekkje seg eller nærme seg omsorgsgjevar. Barnet knyt seg på ulikt vis, avhengig av samspelet med foreldra (Killèn, 2010).

Den andre hypotesen var at vi parallelt med utviklinga av tilknytningsmønster utviklar noko kalla indre arbeidsmodellar. Indre arbeidsmodellar fortel oss korleis vi skal være foreldre, barn, og korleis forholdet mellom foreldre og barn skal være (Killèn, 2010). Omsorgsgjevar si evne til å tolke barnets signal og respondere sensitivt

på barnet sitt signal har ei avgjerande betyding for barnet si tilknytning og utvikling. Responsen bidreg til å forme dei samspels- og tilknytningsmønstre som utviklar seg i løp av det første året. Samspel med omsorgsgjevar organiserar hjernen si utvikling og er difor med å forme oss som menneske (Killèn, 2010).

4.2.1 Tilknytningsstilar

Mary Ainsworth er sentral i studiet av tilknytningskvalitet. Ainsworth har igjennom sine studiar klassifisert tilknytningskvalitet i tre kategoriar A, B og C. Det vart seinare tilføyd ein fjerde kategori D av Main og Solomon (Bunkholdt, 2010).

Den første forma for tilknytning blir kategorisert som tilknytningsstil B, og barn med denne tilknytninga har erfart omsorgspersonane som forutsigbare, fysisk og emosjonelt tilgjengelige (Kvello, 2007). Barna ser på omsorgsgjevar som ein trygg base dei kan bruke som utgangspunkt for å utforske omgivnadane (Bunkholdt, 2010). Barn som opplever tilgjengelige, sensitive, responderande foreldre, foreldre som trøystar og beskyttar, vil utvikle trygg tilknytning til dei (Killèn, 2010).

Unnvikande tilknytning er kategorisert som tilknytningsstil A. Barn med unnvikande tilknytning har opplevd foreldre som så lite responderande og omsorgsfulle at dei forsøker å klare seg sjølv og ikkje forventar og difor heller ikkje søker omsorg (Kvello, 2007). Barna sin indrearbeidsmodell er prega av lave forventingar om å bli ivaretatt, førestillingar om seg sjølv som lite verd, og at ein må styre unna andre menneske (Bunkholdt, 2010).

Ambivalent er eit stikkord som beskriv tilknytningsstil C. Barn med ambivalent tilknytning har opplevd noko respons og omsorg frå foreldre. Denne omsorga har derimot vore så ujamn at barnet har lært seg til å forsterke sine signal for å få respons og utløyse omsorg (Kvello, 2007). Foreldra har fysisk og psykisk vore der, for og så ikkje vore der. Sensitiviteten er varierande, noko som førar til at barna har fått respons som av og til stemmer med det dei ber om med sine signal,

og av og til ikkje (Bunkholdt, 2010). I samspelssituasjonar med omsorgsgjevar reagerer barnet sterkt ved separasjon, og er vanskelige å roe ned ved gjenforening. Barnet prøvar å ha omsorgsgjevar merksemd retta mot seg, og sokjer stadig kontakt. Sidan det er vanskeleg for barna å forutsjå omsorgsgjevar bevegelsar, observera dei og forholde seg aktivt til dei (Killèn, 2009).

Siste tilknytningsstil er tilknytningsstil D, desorganisert tilknytning. Frykt og eit sterkt behov for å beskytte seg er stikkord for tilknytningsstil D. Dette er barn som har erfart kor viktig det er å ikkje framprovosere overgrep frå foreldra. Barna har ofte vakse opp med foreldre som har virka skremmande på dei ved si mishandling. Mishandlinga kan både være fysisk og seksuell (Kvello, 2007). Desorganiserte barn har ikkje noko fast mønster, og virrar ofte rundt utan fullførte handlingsmønster. Barna kan for eksempel nærme seg, stoppe opp og «fryse fast». Dei vise frykt og forvirring. Omsorgsmiljøet barna veks opp i bærer preg av stor grad av uforutsigbarheit, og/eller mishandling og alvorleg vanskjøtsel. (Bunkholdt, 2010). For utrygge fosterbarn tek det lang tid å endre dei indre arbeidsmodellane ein har med seg. Det er ei utfordring for fosterforeldre korleis ein respondera på eit barn med tilknytningsvanskår sine reaksjonar. Om det er glede, redsel, frykt eller sinne. Fosterbarn kan ha sine desorganiserte strategiar som kan opplevast merkeleg for dei som er rundt.

Å regulere og støtte barn som opptrer som eit «emosjonelt jordskjelv» frå utrøysteleg gråt, raseri, tilbaketreking, mangel på affektuttrykk til overdreven innynding hjå omsorgpersonen er ein stor øvelse for fosterforeldre. På bakgrunn av dette meina eg at desorganisert tilknyting er ein av tilknytningstilane som gjev fosterforeldre størst utfordringar, og difor vil den være mest relevant i mi oppgåve.

4.3 Indre arbeidsmodeller

For å forstå korleis eit barn ser seg sjølv, omgivnadane og andre vil eg gå nærmare innpå begrepet indre arbeidsmodellar. Desse indre

arbeidsmodellane kan være med å forklare kvifor eit fosterbarn treng tilrettelagt omsorg. Killèn skriv at om ein skal kunne forstå menneske sitt forhold til problem og problemløysning, kriser og traumatiske opplevingar, er kunnskapar om «eg» eller «sjølvet» heilt sentralt (Killèn, 2009, s. 96).

Utifrå samspel med tilknytningspersonar utviklar barnet i siste halvdel av første leveår ein rekke modellar, som skapar ei forståing av verden utanfor. Desse modellane kallar John Bowlby indre arbeidsmodellar (Hart & Schwartz, 2008). Barnets oppfatning av omverden strukturerast gjennom desse modellane, som og inkludera barnets oppfatning av seg sjølv i samspel. Arbeidsmodellen er ein hypotetisk konstruksjon, som beskriv barnet sine mentale representasjonar av andre og seg sjølv, og som setter i gong, som Bowlby seier «Tanken om verksemda» Sånn eg forstår Bowlby vil det seie å gjere seg opp tankar om verksemda og hendingar, for og så utføre eigen åferd (Hart & Schwartz, 2008).

Gillian Schofield og Mary Beek (2014) skriv at eit barn eller vaksen sin indre arbeidsmodell vil innehalde særlege forventningar eller antydningar om ein er verdt å bli elska, om ein er kompetent til å få tilting og om det er andre menneske rundt som vil beskytte, hjelpe og være der for ein (Schofield & Beek, 2014). Som nemnd over er det grunna tidligare erfaring at barnet utviklar indre arbeidsmodellar av seg sjølv og sine tilknytningspersonar, og forholdet til dei. Det er desse modellane som gjere at barnet veit kva dei kan forvente av tilknytningspersonar og andre viktige relasjonar. Dei indre arbeidsmodellane forandrar seg på grunnlag av erfaring gjennom heile livet. Likevel er det modellane som har utvikla seg dei første leveåra som har størst innverknad på vidare utvikling av arbeidsmodellane, og på den enkelte si erfaring (Killèn, 2010. s.51). Bunkholdt (2010) skriv at erfaringar frå for eksempel fosterheimsarbeid visar at det ofte tek lang tid før eit relasjonsskada barn begynner å forandre sin indre arbeidsmodell. Det hendar og at barn ikkje hentar seg inn etter tidligare skuffelsar, men slit med tilpassingsproblem gjennom oppveksten, og inn i vaksenlivet. Kor vidt dette kan skje avhenge av fleire faktorar: kor

robust eller sensitivt barnet er i utgangspunktet, kor alvorleg omsorgssvikten er, og kor lang tid det tar før barnet får god nok omsorg (Bunkholdt, 2010, s.25).

4.4 Den følsame hjernen

I denne delen av oppgåva vil eg ta for meg den tredelte hjerne. Det er viktig og forstå kvifor eit barn utfører ei viss åtferd, og kvifor barnet reagerer på måtar det er vanskeleg å forstå. Eg håpar at dette delkapittelet skal skape ei forståing av kva hjernen si utvikling og funksjon betyr for eit barn sine handlingar, tankar og følelsar.

Nervesystemet vårt delast opp i sentralnervesystemet og det perifere nervesystemet. Sentralnervesystemet består av ryggmargen, hjernestammen med lillehjernen, mellomhjernen og dei to hemisfærane (hjernehalvdelane). Det perifere nervesystemet består av motoriske og sensoriske nervetrådar, som forbinde hud, musklar og indre organ, med ryggmargen (Hart & Schwartz, 2008, s.169). Nervebanar til hud og musklar utgjere det somatiske nervesystem, mens nervetrådane til dei indre organ som lunge og hjerte, utgjer det autonome nervesystem. Det somatiske nervesystem har kontroll på musklane og sender informasjon til og frå sanseorganane, mens det autonome nervesystemet regulera livsviktige funksjonar som for eksempel hjerteaktivitet. (Hart & Schwartz, 2008, s.171). Kamp, flukt, fødeinntak og seksualdrift er noko som henger saman med det autonome nervesystem (Hart, 2011). Kamp og flukt er noko eg vil utdjupe etter kvart.

Det autonome nervesystemet består av to system, det sympatiske og det parasympatiske nervesystemet. Det sympatiske nervesystemet kontrollere energiaktivering av nervestystemet, for eksempel i forbindelse med aktivitet som treng høg energi, som glede og truslar (Hart, 2011, s. 42). Å fremje fordøyelsesprosessen og dempe hjertet sin aktivitet er nokon av oppgåvene til det parasympatiske system (Hart, 2011). Det parasympatiske nervesystemet dominera under rolege og trygge tilstander og er energioppbyggande, mens det sympatiske nervesystemet førebur flukt eller angrep (Hart & Schwartz, 2008).

Allan N. Schore skriv at tilknytingserfaringar regulera først strukturar i hjernestammen og mellomhjernen, og litt seinare i det limbiske system (Hart & Schwartz, 2008, s.178). Hjernestammen ligg tett på ryggmargen, og kontrollera vitale kroppsfunksjonar som blant anna pust- og hjerterytme (Hart & Schwartz, 2008). Denne delen av hjernen blir kalla den autonome og sansande hjerne (Hart, 2011). I hjernestammen finn ein blant anna aktiveringssystemet som sørger for regulering av arousal (energinivå) eller våkenhetsgrad (Hart, 2011, s. 38).

Mellomhjernen finn ein like over hjernestammen, og ligg i den motoriske og følande hjerne(Hart,2011).Her finner vi hypotalamus, som er drivkrafta i det grunnleggjande motivasjonssystem (Hart & Schwartz, 2008).Hypotalamus si rolle er å samordne autonome, hormonelle og motoriske prosessar til åtferd som dekker organismen sine momentane behov(Hart,2011).

Det limbiske system ligg i den motoriske og følande hjerne, og består blant anna av amygdala og hippocampus (Hart,2011). Amygdala er ein kritisk struktur i dei nettverka som regulerer frykt og aggresjon. Amygdala overvåker konstant for å førebu oss til handling om det dukkar opp ein potensiell fare(Hart,2011).

Prefrontal korteks ligg i den tenkjande hjerne(Hart,2011). Prefrontal korteks er avgjerande for følelsesmessig stabilitet og mental stabilitet, i og med at dette området gjer det mogleg å endre tankar og handlingar på bakgrunn av assosiasjonsendringar(Hart, 2011).

Susan Hart(2011) skriv at barnet sitt nervesystem regulerast gjennom samspel med omgivnadane. Nervesystemet utviklar seg, noko som førar til at funksjonane stadig blir meir sjølvregulerande gjennom læring i samspelssituasjonar, dette vil støtte hjernen si sjølvorganisering(Hart, 2011). Gjennom koordinert vaksenstyrt gjensidig leik kan barnet lære å regulere sitt arousalnivå. Barnet vil tilegne seg ferdigheter ut i frå den vaksne si regulering,og sånn formast dei nevrale kretsløpsforbindingane som gjer at barnet etterkvert kan regulere seg sjølv (Hart, 2011).


Vi er født med ein grunnlag for sjølvregulering, men reguleringa går ifrå å være noko som finn stad i gjensidig kontakt, til å være individuell (Hart,2011, s.119). Hart (2011) peikar på eit viktig aspekt ved omsorgsutøving, og det er å støtte barnet til å kunne handtere auka mengder intenst arousal og samtidig trøste før barnet overveldast av følelsar. Eit spedbarn utviklar i løp av sitt første leveår ein stadig større toleranse for auka mengde arousal, og brukar kommunikative erfaringar med omsorgsgjevar til å regulere sin indre tilstand (Hart, 2011,s.129). Utvikling av nervesystemet avhenger av om barnet utsettas for tilstrekkeleg relevant stimulering til dei ulike områda aktiverast. Både for høge og låge arousalnivå svekker utviklinga(Hart,2011).

Eit barn som opplever stor frustrasjon, og er i stand til å kontrollere eigne spenningar, og deretter søker omsorgsperson for trøyst, utviklar ifølgje Hart eit fleksibelt og tilpasningsdyktig nervesystem som er i stand til å respondere på stressfylte opplevelingar (Hart,2011,s.129). Hart (2011) seier derimot at om eit barn veks opp under omsorgssvikt i eit miljø som er lite forutsigbart, vil nervesystemet kunne forblia svakt organisert og bli prega av kaos. Det at barnet kan søker ein omsorgsperson som kan hjelpe med regulering, og ikkje minst forståing, opplever eg som ein beskyttande og førebyggande faktor.

Ein omsorgsperson som ikkje avviser, er tilgjengeleg og støttande. Som Hart (2011) skriv; *Meistring av stressfylte situasjonar oppnåast ved å gjennomleve og overvinne dei, ikkje ved å unngå dei* (Hart,2011,s.129).

Sterke feilintoningar frå omsorgsgjevar etterlatar eit barn med usikker tilknytning, og utløyser kaotiske endringar i nervesystemet (Hart, 2011). Når eit barn står ovanfor ein truande situasjon begynner ein alarmreaksjon kor den sympatiske komponenten i det autonome nervesystemet blir aktivert (Hart, 2011). Om ein omsorgsperson ikkje hjelper barnet å regulere følelsane og tilstanden, men heller forsterkar skaden, eskalerer barnet i eit ekstremt overarousalmönster (Hart,2011, s.180). Dette skjer ved at barnet signaliserer at det treng hjelp, men omsorgsperson forsettde å forsterke smerten. Eit barn som opplever å komme i denne tilstanden utan teikn på respons, vil ikkje vise interesse

for stimuli i den eksterne verden og går inn i ei indre verd (Hart, 2011). Ifølgje Hart (2011) vil barnet likevel søkje omsorgsperson i utrygge situasjonar, men når omsorgsperson sin åtferd gjer barnet redd, settast det i eit uløyseleg dilemma. Barnet kan ikkje søkje trøyst hos nokon, rette merksemda si vekk eller flykte (Hart, 2011). Eit barn som kontinuerleg er utsett for stressfylte opplevingar, brukar all sin energi på å forsøke å finne ein relevant sjølvbeskyttelsestrategi (Hart, 2011).




Tone Weire Jørgensen og Heine Steinkopf (2013) snakkar om kaptein, maskinisten og fyrbøtaren (illustrasjon henta frå Jørgensen & Steinkopf, 2013). Ein kan førestille seg hjernen som eit skip. Den øvste delen av hjernen er kaptein, midten er maskinisten og den nederste er fyrbøtaren.

Jørgensen og Steinkopf (2013) skriv at toleransevindaugen og den tredelte hjerne er begrep som er nyttig i høve praktiske møte med traumatiserte barn. Ein kan førestille seg hjernen som eit skip. Eit skip med ein kaptein som helde til i den regulerande, reflekterande og fornuftege delen av hjernen (prefrontal korteks). Maskinisten helde til i den delen av hjernen der ein blant anna finn emosjonar, tilknyting og hukommelse (limibiske system). Til slutt finn ein fyrbøtaren i den autonome og sansande hjerne (hjernestammen og lillehjernen). Eg har

valt å bruke Jørgensen og Steinkopf (2013) sitt døme for å forstå hjernens ulike funksjonar på ein litt enklare måte:

«Kaptein er fornuftig, reflekterande og kan tenke konsekvensar, mens maskinist og fyrbøtar ikkje har desse funksjonane. Fyrbøtar står for energi i form av stresshormona når det er behov for det, mens maskinisten formidlar denne energien gjennom følelsar og tilknyntningsmønster. Når trykket i fyrværet blir for høgt, forlet kaptein bruva, og skuta er utan styring». (Jørgensen & Steinkopf, 2013, s.13)

Toleransevinduet, et nyttig verktøy



(Illustrasjon av Dag Nordanger, 2013, henta frå:

<http://www.allmannabarnhuset.se/wp-content/uploads/2014/03/Dag-Nordanger-Sma-barn-og-trauma.pdf>)

Alle nervessystem har eit toleransenivå eller toleransevindaugen som brukast av Nordanger, Jørgensen og Steinkopf. Om tenking eller åtferd blir forstyrra, når arousalsnivået bevegar seg utover toleransenivået, vil energien bli brukt til å overvinne den stressfylte tilstanden (Hart, 2011, s.130). Strategiar for å overvinne stresstilstanden er fight, flight and freeze. Kjempe, flykte eller fryse. Dette vil eg komme tilbake til i delen om affektregulering.

Toleransevindaugen er ei beskriving av når kaptein er tilstade. Når barnet er utanfor sitt toleransevindaugen har det ikkje kontakt med

kapteinen. Barnet er ikkje tilgjengeleg for fornuft, og styrast av dei smertefulle erfaringane som ligg i maskinrommet (Jørgensen & Steinkopf, 2013). Jørgensen og Steinkopf (2013) skriv at ei sentral utfordring for omsorgspersonar er å forsøke å halde barnet i toleransevindaugen, då det er her moglegheit for læring og utvikling kan skje. Dette synleggjer kvifor barn treng tilrettelagt omsorg, og kva utfordring dette gjev fosterforeldre. Eg vil komme tilbake til dette i neste del av oppgåva.

5. 0 Tilrettelagt omsorg og utfordringar

Ein høg prioritet hos alle som jobbar med fosterheimsomsorg er at fosterfamilien skal utgjere eit førebyggande miljø som redusera den negative verknaden av barnet sine tidligare erfaringar i høve omsorgssvikt eller overgrep. Fosterheimen skal fremje sunn utvikling emosjonelt, åtferd- og relasjonsmessig (Whelan & Marvin, 2010,s.705). I dette kapittelet vil eg drøfte problemstillinga mi i høve teori og forsking. Første del handlar om fosterbarn og tilrettelagt omsorg. Eg vil gå igjennom tre punkt; *Omsorgssvikt og traume, behov for indre arbeidsmodellar og affektregulering*. Neste del av oppgåva handlar om fosterforeldre sine utfordringar. Her er og tre punkt: *Å stå i situasjonen, avvisning og hjelpeapparatet*. Eg har valt å bruke blant anna Gillian Schofield og Mary Beek sin «Trygg Base modellen – ein veiledar for fosterforeldre» når eg skal drøfte tilrettelagt omsorg for fosterbarn, og utfordringar for foreldre. Her kjem mange av fosterforeldre sine utfordringar og fosterbarn sine følelsar fram, og dette finn eg svært relevant for drøftingsdelen i mi oppgåve.

5.1 Kvifor treng fosterbarn tilrettelagt omsorg?

5.1.1 Omsorgssvikt og traume

Eg har valt å ha omsorgssvikt og traume som eit punkt på kvifor barn treng tilrettelagt omsorg. Eg opplever det er viktig og trekke fram desse to faktorane fordi omsorgssviktande og traumatiserte barn har opplevd og erfart ting eit barn ikkje skal oppleve.

Dei fleste barn som blir plassert i fosterheim har fått erfaringar, og har allereie komme godt inn på ei utviklingsbane når dei blir plassert i fosterheim (Whelan & Marvin, 2010). I løp av den tida barn er i heimen der det forgår omsorgssvikt og/eller overgrep vil små barn med si raske hjerneutvikling ha absorbert, lært og praktisert dei relasjonsmønstra og reguleringsmekanismane som foregår i heimen (Whelan & Marvin, 2010). På bakgrunn av dette verkar det som at barn som lever under omsorgssvikt ikkje har hatt moglegheita til å oppleve og ta til seg sunne og effektive mønstre for trøysting, følelsesregulering og relasjonsåtferd. Dei har heller ikkje opplevd den positive verknaden av å være følelsesmessig og fysisk beskytta (Whelan & Marvin, 2010).

Opplevinga av å være trygg henger saman med relasjon. Traumatiserte barn forbinde ofte vaksne med vonde følelsar. Dette fører til at eventuelle nye omsorgsgjevarar blir sett på med mistanke (Jørgensen & Steinkopf, 2013). Det er presisert i moderne hjernehorsking at traumatiserte barn ofte har eit hypersensitivt nervesystem, der «alarmen» går konstant, og på tidspunkt og i situasjonar som kan verke uforståelege for dei som er rundt (Jørgensen & Steinkopf, 2013). Når alarmen går i amygdala, vil barnet miste kontakten med den tenkande hjerne som er fornuftig og reflekterande. Når eit barn er i denne situasjonen er ikkje læring og utvikling av nye åtferds mønstre ein moglegheit (Jørgensen & Steinkopf, 2013). Dette synleggjer kor viktig tilrettelagt omsorg er, og utfordringane fosterforeldre har. Fosterforeldre må i høve ein sånn situasjon opptre sensitivt, og være merksame og reflekterande på eigne reaksjonar (Jørgensen & Steinkopf, 2013).

5.1.2 Behov for nye indre arbeidsmodellar

Eg vil dra fram det Schofield og Beek (2014) skreiv om barns indre arbeidsmodellar. Dei inneheld særlege forventningar eller tankar om ein er verdt å bli elskar, om ein er kompetent til å få til ting og om det er andre mennesker rundt som vil beskytte, hjelpe og være der for ein.

Bowlby observerte at barns indre arbeidsmodell blir forma i løp av dei aller første leveåra, og at den gradvis blir mindre fleksibel etterkvart som barnet blir eldre. Det vil seie at jo lengre eit barn lever med sviktande omsorg, jo meir krevjande er det for barnet å modifisere sine grunnleggjande tankar om seg sjølv og andre (Schofield og Beek, 2014). Fosterforeldre har ei viktig og utfordrande oppgåve med å trygge barnet, og dette kan ta lang tid. Schofield og Beek (2014) skriv at barnet vil trenge mange erfaringar med å bli sett og respondert av omsorgsfulle vaksne, før det kan fattast håp om at fosterfamilien er der for han/ho. Den indre arbeidsmodellen vil blant anna bestå av tankar om ein er verdt å elske. Eit barn som har vokse opp i eit belasta miljø med foreldre som ikkje har vore tilstade emosjonelt, vil det barne føle seg elska?

Schofield og Beek (2014) skriv at om fosterforeldre kan gje vedvarande støtte og god omsorg, er positiv endring av barnets indre arbeidsmodellar mogleg gjennom heile ungdomstida. Barns åtferd blir organisert rundt dei forventningane dei har til seg sjølv og andre. Desse forventingane vil verke inn på korleis dei møter andre og korleis andre førehelde seg til dei. Sånn blir det etablert positive og negative sirklar av fosterkning. Til dømes vil eit barn som føler seg vel og trygg på seg sjølv, og som ventar at andre vil være vennlege og varme, møta jamnaldra på måtar som signaliserer «De kan leike med meg. Eg vil være ein god venn». Desse signala vil auke sannsynet for positiv respons. Men på den andre sida for eit barn som har låge tankar om seg sjølv og forventar avvisning trulig signaliserer «Eg trenger ikkje blir venn med dykk, og eg ynskje ikkje det». Barnet fryktar negativ respons, og vil trulig bli avvist. Dette fører til at barnet får bekrefta sin indre arbeidsmodell av å være lite verdt, og at ingen vil være der for deg. Positive indre arbeidsmodellar vil kunne handtere ein viss grad av avvisning. Negative arbeidsmodellar har ein tendens til å sjå fiendskap i sjølv nøytral åtferd. Fosterforeldre må hjelpe barn til å modifisere sine negative forventingar til seg sjølv og andre, og dette krev tilgjengelegheit og respons som er sensitiv sjølv om barnets åtferd gjer

uttrykk for å være avvisande og fiendtleg. Dette er ei vanskeleg oppgåve for fosterforeldre, og eg vil komme nærmare inn på dette seinare.

5.1.3 Affektregulering

Som eg har nemnt tidligare svarar hjernens utvikling til barnet sin fysiske, sosiale og emosjonelle utvikling. Fyrbøtaren jobbar i hjernestammen og midthjernen, og sørger for at vi lever. Dette er den delen av hjernen som først utviklast, trangen til å overleve (Killén, 2009). Dei delane av hjernen som utviklast sist er det limbiske system, som er involvert i regulering av følelsar, og korteks som er involvert i abstrakt og konkret tenking (Killén, 2009). Ein av dei mest omfattande konsekvensane av tidlig omsorgssvikt er barnas manglande evne til å regulere intensitet i ulike følelsar (Hart, 2011). I høve tilknytningsteori har omsorgsgjevar si evne til å tolke barnet sine signal og respondere sensitivt på barnet sine signal ein avgjerande betyding for barnet si tilknytning og utvikling (Killén, 2010). Små barn har i utgangspunktet ikkje moglegheita til å regulere sine følelsar, affektregulering er lært, ikkje medfødt (Jørgensen og Steinkopf, 2013).

Stephen Porge (ref. i Hart & Schwartz, 2008, s.209) skriv at om nervesystemet over lengre tid utsettast for stress, og det finst ingen vegar ut, då vil nervesystemet vil av seg sjølv gå inn i eit for lavt arousal nivå. Dette er ein beskyttelsestrategi for barnet (Hart & Schwartz, 2008). Barnet veit ikkje kva det skal gjere, og fryser fast. Når dette skjer er ikkje barnet i toleransevindaugen, noko som vil sei at barnet ikkje tilgjengeleg for lærings- og utviklings. Barnet har heller ikkje moglegheita til å handtere eige stress, dette må barnet ha hjelp til å regulere. I det augeblikket barnet går inn i fryste tilstand, tapar dei kapasitet til å bearbeide informasjon frå både den eksterne og eigen indre verd. Denne tilstanden er ofte å sjå hos barn med eit desorganisert tilknytningsmønster (Hart & Schwartz, 2008). Eit barn som har opplevd tidlege traume har ikkje tilgang på komplekse forsvarsmekanismar. Distansering, der barnet enten isolera seg frå omverda eller inngår i ein kamp/flukt-åtfred er i den forbindelse ein overlevelsemekanisme, der formålet er å handtere traumatiske

situasjonar (Hart & Schwartz, 2008). Eit barn som har nytta seg av denne måten å handtere traumatiske opplevingar, vil i ettertid nytte seg av denne form for distansering i mot eit brent spekter av daglege stressfaktorar (Hart & Schwartz, 2008). Fosterbarn som nyttar seg av desse strategiane treng blant anna hjelp til regulering av følelsar, og for at fosterforeldre skal kunne hjelpe med dette må dei og forstå barnet. Det kan by på utfordringar, og nokon av desse utfordringane vil bli nemnd i neste del av oppgåva.

5.2 Fosterforeldres utfordringar

5.2.1 Å stå i situasjonen

Fosterforeldre kan møte mange og forskjellege utfordringar i lag med eit fosterbarn. I desse situasjonane er det viktig å være og stå i situasjonen med fosterbarn. For å forklare kva eg meina med dette vil eg gå ut ifrå noko kalla Circle Of Security, og kalla tryggleiksirkelen. Eg vil først gje ei kort skildring av tryggleiksirkelen.



(Illustrasjon henta frå: <http://ung-dom.no/img/trygghetssirkelen.png>).

Tryggleikssirkelen er ei visualering av barnets behov for å søke ut frå foreldra for å utforske omgivnadene (øverste del av sirkel), og søke til foreldra når tilknytningsbehovet er utløyst (nederste del av sirkelen).

Men for eit fosterbarnet med tilknytningsvanskar vil det kjenne behovet i nederste del av sirkelen, og vil det søkje fosterforeldra? Det er viktig at fosterforeldra forstår sirkelen og kva som skjer når dei ikkje er tilgjengeleg til å møte barnas behov. Barn med desorganisert tilknytningsstil har som nemnt i teorikapitellet ikkje noko fast mønster, og er ute av stand til handtere sin ekstreme tilknytningsrelaterte angst. Barn med denne tilknytningsstilen er ulike med omsyn til kor lang tid det teke dei å finne fram til eit fungerande samspelsmønster ovanfor omsorgspersonar (Killèn, 2009).

Ved ein kvar plassering i fosterheim er håpet at barnets automatiserte tanke-, følelses- og åferdsmønstre med tida vil endrast til sunnare føleses- og relasjonsmønstre i det nye omsorgsmiljøet (Whelan & Marvin, 2010). Men kva er fosterforeldras rolle for at bidra til endring? Sensitivitet, innsikt og emosjonell støtte. Tilknytingsteori gjer utrykk for at det å bli møtt med sensitiv, konsistent og påliteleg omsorg kan modifisere barns tidligare forventingar til seg sjølv og andre. Det er ein av grunnane til at oppgåva til nye omsorgsgjevarar, i dette tilfelle fosterforeldre er så sentral. Dei må gå inn i noko meir enn ei vanleg omsorgs oppgåve. Dei må kunne gje trygg baseomsorg. For at barnet skal bli hjulpet til å modifisere sine mest grunnleggjande tankar om seg sjølv og andre (indre arbeidsmodell) må dei tilby barnet svært reflektert og terapeutisk omsorg (Schofield og Beek, 2014). Fosterforeldre må kunne ivareta barnet på måtar som visar barnet at dei er til å stole på, at dei både fysisk og psykisk er tilstade for barnet, og at dei fangar opp og svarar konsistent på barnets behov. Utfordringar kan være barnets utvikla beskyttelsesstrategiar. Som eg nemnte i delkapittelet om omsorgssvikt utviklar barnet strategiar for å beskytte seg mot risikofaktorar i heimen. Desse beskyttelsesstrategiane må fosterforeldra forstå, og i tilegg tilpasse sine tilnærmingar til barnet sånn at barnet opplever omsorga dei gjer som komfortabel og aksepterande, heller enn underminerande eller truande (Schofield og Beek, 2014). Den relasjonen som utviklar seg mellom barn og fosterforeldre kan gje

barnet ein trygg base det har moglegheita å utforske, og utvikle seg ifrå.

Utfordringar for fosterforeldre er kompleks, eit mål er å endre barnas forvetningar til vaksne. Det å gjere barna trygge på at i denne familien kan barn stole på at dei vaksne teke vare på dei og møta behova deira. Først må som nemnt over fosterforeldra forstå dei forvirrande signala og bodskapa barna kan sende. Schofield og Beek (2014) skriv at gjennom ord og åtferd kan barn formidle «Eg trenger deg ikkje, eg vil passe på meg sjølv», eller «Eg trenger det heile tida, men du vil aldri kunne gje meg det eg har behov for», eller «Eg berre handtere angst min når eg kontrollerer deg, og alt som skjer i huset». Eg opplever at her er det viktige for fosterforeldre og minne seg sjølv på kva barnet verkeleg trenge i situasjonen. Kva trenge barnet? Kva treng barnet at *eg* gjere no? (Schofield & Beek, 2014).

Med dette i tankane kan fosterforeldre begynne å betre fange opp barnets behov og signal, og deretter gripe alle moglegheiter til å gjere og sei ting som vil begynne å endre barnets forventingar til seg sjølv og andre. Dette vil sei at fosterforeldre gjer verbale og ikkje verbale bodskap om at dei er tilgjengeleg (Schofield og Beek, 2014).

Fosterforeldre kan og finne måtar å formidle bodskap på som er akseptable og komfortable for barnet, og etter kvert vite betre når det er riktig å gå tett på barnet, og når det er riktig å vente på at barnet teke initiativ. Fosterforeldre får og moglegheten til å auke sin kompetanse til å danne fleksible teoriar om kva som rørar seg i barnet, for eksempel kva som triggar barnets konkrete åtferd, om det er forårsaka av tidligare vond erfaringar eller ein dårlig dag i barnehagen (Schofield & Beek, 2014). Eg opplever at dette er veldig viktig, det å forstå åtferda til barnet i den og den situasjonen. Dette førar til at fosterforeldre kan prøve ut ulike tilnærmingar, og deretter sjå moglege forandringar etterkvert steg som takast.

5.2.2 Avvising og kjærleik

I dette delkapittelet vil eg snakke om utfordringar for fosterforeldre i høve avvising og kjærleik. Mange fosterbarn har opplevd å ikkje bli sett og ivaretatt og har utvikla negative førestillingar om seg sjølv og verden, visar til indre arbeidsmodell. Desse førestillingane kan føre til at barnet ikkje søker omsorgsperson for trøst, og heller ikkje ynskje å dele glede (Jacobsen & Hansen, 2010). Kva utfordringar gjer dette fosterforeldre? Når barnet avisar forsøk på trøyst, og kjærleik?

Eit barn som ikkje tar imot trøyst eller visar at det har vondt, kan gje uttrykk av at det er eit sjølvstendig lite barn (Jacobsen & Hansen, 2010). Men er dette tilfelle? Jacobsen & Hansen (2010) seier at sjølvstendighet kan forvekslast med utryggheit hos barnet.

Vidare skriv dei at fosterforeldre som har evna til å forstå at barnet ikkje avisir, men at signala barnet sender ut heller er ein del av eit naturleg reaksjonsmønster, er langt på veg til å lukkast i sine tilnærningsmåtar (Jacobsen og Hansen, 2010). Dette viser kor viktig det er å forstå fosterbarnet sitt reaksjonsmønster som eg snakka om i førre punkt, «Å stå i situasjonen».

Whelan og Marvin (2010) skriv at samanlikna med barn som får tilstrekkelig god nok omsorg visar mishandlande barn mange forskjellelege åtferd og interaksjonsmønstre ovanfor sine omsorgspersonar. Barn som har vore utsett for omsorgssvikt og/eller overgrep har gjerne eit utrygt og desorganisert samhandlingsmønster med sine omsorgspersonar. Samanlikna med jamnaldra som har trygg tilknytning visar mishandla barn ofte få teikn på evne til samregulering (det vil seie evna til å bruke omsorgspersonar i situasjonar der regulering av følelsar og åtferd er nødvendig), rytmar for trøst og sjølvkontroll eller hensiktsmessig relasjonsåtferd. Barna sender gjerne mange fleire villedane signal om sine emosjonelle tilstandar og mykje mindre direkte signal om sine behov enn sine trygge, ikkje mishandla jamnaldra. Utrygge barn sendar uforskyldt færre signal om sine umiddelbare emosjonelle og relasjonelle behov (Whelan & Marvin,

2010). Eg ser difor at det kan opplevast vanskeleg for fosterforeldre og tolke barnet sine behov når signala kan være få og desorganiserte. Dette bekreftar Whelan & Marvin (2010) som skriv at utfordringar for fosterforeldre er å være hos barnet og ri av dei åtferdsmessige og emosjonelle stormane, sånn at ein kan lære seg å tyde barnets åtferd og følelsar.

Spørsmålet er, korleis bli hos barnet når barnet ikkje søker deg? Barn med trygg tilknytning har tiltru til seg sjølv og andre, det nærmar seg for å få hjelp og trøyst, og er trygg på det å bli ivaretatt (Bunkholdt & Sandbæk, 2008). Barn med utrygg tilknytning, meir presis desorganisert tilknytning har som nemnd tidligare ikkje eit fast mønster, og virrar ofte rundt utan fullførte handlingsmønster. Barna kan for eksempel nærme seg, stoppe opp og «fryse fast». Dei vise frykt og forvirring. Dette er fordi erfaringane med foreldre er prega av uføresette hendingar (Bunkholdt, 2010).

Som eg snakka om i kapitellet om «Den følsame hjerne» blir erfaringar og minner, gode eller vonde, lagra. Om eit barn tidligare ikkje har opplevd respons når det har opplevd utrygghet og fare, kvifor skal det forvente og få det av nye omsorgspersonar? Etter å ha lest om fosterforeldre, forstår eg at dei vil hjelpe barnet og sørge for at fosterheimen er trygg, forutsigbar og responderande. Eg opplever at for barnet kan dette verke skremmande, fordi det ikkje har opplevd denne tryggheten og ikkje minst forutsigbarheita. Den indre arbeidsmodellen til barnet treng tid, hjernen og erfaringar treng tid. For eit lite barn avhenger ei forandring av at det blir gjort nye erfaringar med trygge menneske i dag-til-dag opplevingar (Bunkholdt & Sandbæk, 2008, s. 64). Dette ser eg på som ei utfordring for fosterforeldre fordi det vil ta tid, og ein må følgje barnet som eg har nemnt i førre delkapittel. Det kan være vanskeleg å gje omsorg til eit barn som ikkje tek i mot det. På bakgrunn av det eg har synt fram i høve litteratur vil eg heller sei at barnet ikkje veit korleis det skal forholde seg til ny trygg omsorg.

5.2.3 Hjelpeapperat

I det siste punktet på kva utfordringar fosterforeldre står ovanfor har eg valt å skrive om hjelpeapperatet. Med dette meina eg dei som skal følgje opp fosterfamilie. Barnevernspedagog Anne-Malin Granerud har skreve ein artikkel basert på ein kvalitativ studie om korleis fosterforeldre opplever at relasjonen mellom dei og plasserte barn utviklast. Granrud (2014) ville sette fokus på ulike faktorar som kan fremme, eller eventuelt hemme ein relasjonsutvikling. Det eg synast var relevant med denne artikkelen var fosterforeldrenes syn og meningar om profesjonell oppfølging.

Fosterforeldra i Granruds (2014) studie trakk fram at PRIDE-opplæringa ga nyttig kunnskap til bruk etter plassering, men at opplæringa og var ein viktig del av førebuinga til å bli ein fosterheim. Fosterforeldra seier at dei fekk stor forståing og reflektere i stor grad om sin eigen partners-, så vel som fosterbarnet sin situasjon og fungering (Granrud, 2014). I tillegg blei viktigheten av BUP (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk presisert. BUP kan hjelpe barn med nevrologiske, emosjonelle og sosiale belastningar med utredning, behandling og rettleiing. Barnevernstenesta kan henvise eit barn direkte til BUP (Sundt, 2011, s. 454). Fosterforeldra i Granruds (2014) studie viste til ulike opplevelingar med barnet kor reaksjonen barnet viste stod i sterk kontrast til kva reaksjon fosterforeldra hadde venta i situasjonen. Åtferd og hendingar passa ikkje saman, og fosterforeldra utrykte at dei følte dei kom til kort når dei skulle forklare og i varta barnet på ein god måte (Granrud, 2014). Alle fem fosterforeldra som deltok i studie trekker BUP fram som ein samarbeidspartnar som bidrog til at dei kunne ivareta barnet på ein forsvarleg og god måte. Fosterforeldra trakk og kor viktig det er at BUP tilbyr rettleiing til korleis dei skulle møte akkurat deira fosterbarn (Granrud, 2014). Kunnskapen dei fekk gjennom barnet si behandling på BUP, og oppfølginga BUP ga fosterforeldra var av stor verdi for heimesituasjonen i fosterheimen (Granrud, 2014). Fosterforeldra trakk og fram rettleiing av saksbehandlar. Dei følte saksbehandlar var tilgjengeleg, og at dei ikkje var aleine om oppgåva

dersom dei ga utrykk for at dei trengte støtte eller samtale (Granrud, 2014). Desse positive erfaringane belysar viktigheten av oppfølging, støtte og hjelp. Fosterforeldre teke på seg ei utfordrande oppgåve, og på bakgrunn av Grandrud sin studie ser ein samanhengen mellom oppfølging og utvikling i fosterheimen. Dette visar kor viktig det er at fosterforeldre får den rettleiing og oppfølging ein treng. Dette bekreftar Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Uansett kva slags fosterheim ein er, treng fosterfamiliar rettleiing og støtte. Mykje av moglegheita til å lykkast med ei fosterheimspllassering avhenger av det (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). I pllasseringar etter barnevernslova §4-12 er det barnevernstenesta som har den formelle omsorga, og fosterforeldre utøve den daglege omsorga på vegne av barnevernstenesta. Barnevernstenesta har eit ansvar for oppfølging, støtte og kontroll ved pllassering etter §4-12 (Sundt, 2011,s.245). Dei fleste fosterforeldre vil den første tida komme opp i situasjonar som er nye for dei, og som dei ikkje har sett føre seg (Sundt, 2011, s.250). Då oppleve eg at det er heilt nødvendig å ha tett kontakt med saksbehandlar. Ifølgje fosterheimsforskrifta skal barnevernstenesta besøke fosterheimen så ofte som nødvendig for å sikre ein forsvarleg oppfølging og kontroll av barnet situasjon, og for å gje fosterforeldre nødvendige råd og rettleiing (Sundt, 2011, s.250).

6.0 Avslutning

Gjennom denne oppgåva har eg fått god kunnskap om hjernen si følelsesmessige utvikling i ein tilknytningskontekst. Eg har tilegna meg ny viten om utfordringar i å støtte fosterbarnet sine reguleringsvanskår. Tilknytingsteorien har presentert tilknytning si store betydning for barn si utvikling og læring. Affektregulering viser blant anna omfanget av omsorgssvikt i høve barnet si evne til å regulere følelsar. Eg meinar begge perspektiva er med å bygge opp under kor viktig det er å tilrettelegge god nok omsorg. Barn med eit skrøpeleg og desorganisert nervesystem treng fosterforeldre som kan tilby støtte, forståing, tålmod og oversikt. I drøftingsdelen om fosterforeldre sine utfordringa kjem

det fram faktorar som bidreg til relasjonsutvikling. Fosterheimsarbeid er krevjande, og fosterforeldre treng støtte og rettleiing frå hjelpeapperat. Dette er blant anna for å forstå fosterbarn, og korleis fosterforeldre skal utøve best omsorg. Eg opplever at dette er svært viktig og trekke fram, om fosterforeldra ikkje strebar mot å forstå barnet, korleis skal då barnet få hjelp til å forstå seg sjølv.

7.0 Kjelde

Beek, M. & Schofield, G. (2014). *Å fremme tilknytning og resiliens. Trygg basemodellen – ein rettleiar for fosterforeldre.* Hentet frå: https://uni.no/media/manual_upload/Trygg_Base_-hefte_for_fosterforeldre.pdf

Bunkholdt, V. (2010). *Fosterheimsarbeid – frå rekruttering til tilbakeføring.* Gyldendal Norsk Forlag AS

Bunkholdt, V., & Sandbæk, M.(2008). *Praktisk barnevernsarbeid* (5.utg.). Gyldendal Norsk Forlag AS

Erikson, M.G. (2010). *Riktig kjeldebruk – kunsten å referere og sitere.* Gyldendal Norsk Forlag AS

Granerud, M.A. (2014) Relasjonens moglegeheter. *Fosterheimskontakt.* Nr 4, 2014, s. 7-8.

Grøholt, B., Sommerschild, H., & Garløv, I. (2001). *Lærebok i barnepsykiatri.* (3.utg.) Universitetsforlaget AS

Hart, S.(2011). *Den følsomme hjernen.* Gyldendal Norsk Forlag AS

Hart, S., & Schwartz R. (2008). *Fra interaktion til relation - tilknytning hos Winniscott, Bowlby, Stern, Schore & Fonagy.* Hans Reitzels Forlag

Jacobsen, H., & Hansen, B. M. (2010). Fosterbarns tilknytning til sine nyeomsorgspersonar – Kva bør vi vite og kva metodar kan vi bruke? *Fosterheimskontakt.* Nr 1, 2010, s. 12 – 14.

Johannessen, U. C. (2010). Terapeutisk omsorg – belyst ut frå barnas behov i fosterheimen og i barnehagen. *Fosterheimskontakt*. Nr 3, 2015, s. 5 – 11.

Johannessen, A., Tufte, A.P., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapleg metode* (4.utg.). Abstrakt forlag AS

Jørgensen, W. T., & Steinkopf (2013). Traumebeviss omsorg, teori og praksis. *Fosterheimskontakt*. Nr 1, 2013, s. 10 – 17.

Killèn, K. (2009). *Sveket I, Barn i risiko- og omsorgssviktsituasjonar* (4. utg.). Kommuneforlaget AS

Kvello, Ø. (2007). *Utredning av åtferdsvanskar, omsorgssvikt og mishandling*. Universitetsforlaget

Larsen, L.Å. (2015). Avvisning som leveregele hos fosterbarn. *Fosterheimskontakt*. Nr 1, 2015, s. 3-7.

Skårderud, F., Haugsgjerd, S., & Stänicke, E. (2010). *Psykiatriboken, Sinn – kropp – samfunn*. Gyldendal Norsk Forlag AS

Sundt, H. (2011). Barnevernstenestas oppfølging og kontroll. I H. Sundt (Red.), *Fosterheimshandboka* (s. 245 og 250). Oslo: Kommuneforlaget AS

Sundt, H. (2011). Fosterbarna – bakgrunn og omfang. I H. Sundt (Red.), *Fosterheimshandboka* (s. 30). Oslo: Kommuneforlaget AS

Sundt, H. (2011). Rekruttering av fosterheim og PRIDE-grunnopplæring. I H. Sundt (Red.), *Fosterheimshandboka* (s. 116). Oslo: Kommuneforlaget AS

Sundt, H. (2011). Ulike kategoriar av fosterheim. I H. Sundt (Red.), *Fosterheimshandboka* (s. 64). Oslo: Kommuneforlaget AS

Støren, I. (2010). *Bare sok!*. Cappelen DAMM AS

Whelan, W. F., & Marvin, R. S. (2010). The Circle of Security: Metoder til bruk i fosterheimsomsorga. I V. Moe, K. Sløning & M.B. Hansen

(Red.). *Handbok i sped og småbarns psykiske helse* (s. 704 - 713).

Gyldendal Norsk Forlag AS.

Zachrisson, H.D. (2010). Tilknytning og psykisk helse hos sped- og småbarn. I V. Moe, K. Slønning & M.B. Hansen (Red.). *Handbok i sped og småbarns psykiske helse* (s.285). Gyldendal Norsk Forlag AS.